

Søknad om økonomisk tilskot til Viltseminar 2018

1. Bakgrunn

Norsk Hjortesenter har sidan 1999 arrangert nasjonale og regionale seminar som arena og møtestad for alle aktørar innan hjorteviltforvaltninga. Det er viktig å ha slike møteplasser der lokal og regional forvaltning kan få påfyll av fagstoff som gjer alle aktørar innan viltforvaltninga best muleg skikka til å innretta arbeidet lokalt på ein god måte. Dermed har en slik arena våre eit viktig tiltak i å realisera den nasjonale Hjorteviltstrategien.

Frå og med 2017 inngjekk vi eit tett samarbeid med Sogn og Fjordane Bondelag, NJFF Sogn og Fjordane og Vestskog SA. Mellom anna for å utvida fagområdet for seminaret til meir enn berre hjort og hjorteforvaltning. Seminaret i 2017 blei særslig vellukka og vi har no planlagt eit tilsvarende seminar for 2018.

Viltseminar 2018 er planlagt i Førde 02. – 03. mars og vi har allereie annonserat seminaret i våre kalender og på våre heimesider <http://www.hjortesenteret.no/arrangementer/>

Ved å samarbeide med ulike organisasjoner om denne type arenaer når ein ut til ei breiare målgruppe enn tidlegare. Likevel ser ein at kostnadane med deltaking for jegerar og jakttrettshavarsida ofte kan vere eit hinder for mange. Dette inneber ikkje berre kostnadane med deltaking på sjølvseminaret, men at nokon må ta fri frå arbeid. Av den grunn har vi no valt å legge seminaret til ein fredag og laurdag noko vi vonar gjer at fleire får høve til å delta utan å måtte ta fri frå arbeid i fleire dagar. Dette vart prøvd i fjor samstundes som vi reduserte prisane for deltaking og deltagarkalet vart meir enn dobla i høve det ein har hatt påmeldt åra før.

Reduksjon av prisane var mogleg grunna tilskot frå regionale viltfondsmidlar og private sponsorar. Vi har lagt oss på same prisnivå også for årets seminar. Prisane er nærmest sjølvkost i høve det hotellet og TicketCo skal ha, noko som gjer at vi er avhengig av å få inn eksterne midlar for å kunne dekke kostnadane til foredragshaldarar, annonsering m.v. Utan det vil arrangementet gå med underskot utan at ein har rekna med eigne kostnader for oss som arrangerer.

Sjølv om seminaret vert arrangert i Sogn og Fjordane er dette ein viktig arena for heile Vestlandet. Ein region der hjort er den dominante hjorteviltarten, men bredde i tematikk gjer at dette seminaret er relevant for langt fleir. Vi registrerer også at stadig fleire deltakarar frå nye område der hjortebestandane er i vekst ynskjer å delta.

2. Tema Viltseminar 2018

CWD har diverre vorte eit høgst aktuelt emne i seinare tid og vi vil sjå på dette med ulike innfallsvinklar. Hindringar for og liten vilje til å ta tilgjengelig kunnskap i bruk når det gjeld bestandsforvaltning av både hjort og andre artar vil og vere tema.

I høve småvilt så er det lite aktiv forvaltning av dette på vestlandet noko vi vil setje fokus på. Deriblant går som etter kvart har vorte ein stor men gjerne dårlig utnytta ressurs på vestlandet. Dette samstundes som den mange stader er eit veksande problem for landbruksnæringa gjer at dette er eit høgst aktuelt emne å ta tak i.

3. Økonomi

Viltseminare 2018 er avhengig av støtte og faste samarbeidspartnarar for å være økonomisk bærekraftig. Dersom deltakaravgifta skulle bære eit slikt seminar åleine, vil denne bli uforhaldsmessig høg og hindre mange potensielle deltakrar frå å kunne delta. Vi har som mål å få med breidda i det som utgjer viltforvaltninga med alle frå jegeren på stubben til den offentlege forvaltninga og forskinga.

Budsjett Viltseminar 2018

Kostnader			
Type	Antal	Kostnad	Sum
Foredragshaldarar			80000
Arrangørkostnadar		150000	150000
Markedsføring			35000
Hotell dagpakke	240	515	123600
Overnatting enkeltrom	70	900	63000
Overnatting dobbeltrom	45	550	24750
Middag	120	615	73800
Lunsj	20	315	6300
Gaver, kursmateriell, banner ++			15000
Sum utgifter			571450

Finansiering			
Deltakarbetaling	160		330025
Sponsorar			10000
Eigeninnsats			131425
Tilskot Møre og Romsdal FK			25000
Tilskot Rogaland FK			25000
Tilskot Sogn og Fj FK			25000
Tilskot Hordaland FK			25000
Sum inntekter			571450
Balanse			0

Omsøkte midlar 2018	Omsøkt beløp
Fylkeskommunen i Møre og Romsdal	25 000
Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane	25 000
Fylkeskommunen i Hordaland	25 000
Fylkeskommunen i Rogaland	25 000
Sum	100 000